

**Fra:** Anne Sofie Nergård Uthaug <au887@kirken.no>  
**Sendt:** torsdag 15. oktober 2020 21:54  
**Til:** KR-Postmottak  
**Emne:** Høyringssvar "Frivillighet i Den norske kirke" frå Meland sokneråd

Meland sokneråd vedtok følgjande høyringssvar på møte 15.10.20

## Høyringssvar om frivilligheit

### Viktigaste perspektiv i sak og kva som bør prioriterast i vidare arbeid:

Høyringsnotatet gir veldig mange verdifulle innspel i forhold til frivilligheit i Den norske kyrkja. Dette er eit notat som mange ville ha nytte av å lese og reflektere over. Forskningsperspektivet er verdifullt. Men vi saknar likevel, i eit kyrkjeleg notat, at det bibelske perspektivet på frivilligheit blir trukke meir inn enn i innleiinga. For Bibelen gir gode innspel til frivilligheit; disippelgjering, teneste, nådegåver og gjevarteneste, og ikkje minst korleis ein vert motivert til frivilligheit, for å nemne nokre stikkord. Vi meiner at dei bibelske perspektiva ikkje er ein motsetning til forskningsperspektivet, men at dei gjensidig styrker kvarandre.

Vi saknar også refleksjon rundt frivilligheit og gudstenester. Kor skal frivillige finne sin motivasjon, sitt nettverk og for mange, si teneste om ikkje i gudstenestene?

#### 1. «... tilrettelege for at ressurser og engasjement tas i bruk hos alle som vil bidra»

Forskjellen på organisk og instrumentell frivilligheit er veldig viktig å reflektere over lokalt og sentralt. Her går utfordringa tilbake til Kirkemøtet. Den sentrale trusopplæringsplanen er ikkje innretta mot organisk frivilligheitt, etter vår mening. Omfattande planar med rapporteringskrav og krav til korleis tiltaka skal utformast, slik som trusopplæringsplanen, legg ikkje til rette for organisk frivilligheit. Dei kontinuerlege tiltaka, som ofte er oppretta av frivillige med engasjement, bør få mykje større fokus og anerkjennelse i trusopplæringa. I planen for diakoni er organisk frivilligheit betre ivaretake.

#### 2. «... øke fokus og kompetanse på frivillighet og frivillighetsledelse»

Dei tilsette må forstå seg sjølv som tenrarar for dei frivillige, ikkje omvendt. Dette gjer at det må skapast rom for å følgje opp frivillige framfor å produsere mest mogleg tiltak. Disippelgjering er ikkje nemnd, berre vagt og indirekte. For kyrkja trur vi dette er nøkkelen til frivillig innsats. At medlemmene i kyrkja lærer å forstå seg sjølv som etterfølgjarar av Jesus og representantar for kyrkja i sine omgjevnader, og at dei utgjer sjølve kyrkja (jm. lekamen og treet i innleiinga i høyringa) og at dei derfor må byggje det fellesskapet dei ønskjer seg – med økonomi, tid og engasjement. Dette må skine igjennom i gudstenester og forkynning og andre arrangement.

#### 4. «... kommunisere om kirken slik at det skaper motivasjon til å bidra»

Frå kyrkja sentralt er det mykje fokus på dåp. Dette kan gå på bekostning av dei frivillige, som ofte er den faste kjerna som kjem til gudsteneste. (Jf artikkel i Vårt Land 30.09.20 «Økt slitasje på menigheter med dåp») At dei frivillige også er rekna som målgruppe for gudstenester, forkynning og andre arrangement er viktig.

### Andre kommentarer til saken og videre arbeid med den

Sokneråda bør vere med i neste høyringsrunde om denne saka, for frivilligheit er ei av dei viktigaste sakene lokalkyrkjelyden og råda kan arbeide med. Kyrkja er historisk sett basert på frivillig teneste. Utan frivilligheit er det i praksis ikkje lengre noko kyrkje.

Med venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug

Dagleg leiar, Meland sokn og Osterfjorden sokn.

Tlf 40001691 (sentralbord Alver kyrkjelege fellesråd)

Mobil 40462647